



Stranda
Rotaryklubb
60 år





Eit historisk minne. Stranda Rotaryklubb blir teken opp som medlem av Rotary International. Bildet viser (frå venstre) Per Fausa, Karl Gjærde, guvernør Karl Seiness, charterpresident Ottar Gjærde og president Johan Eidem frå fadderklubben Sykkylven Rotaryklubb.

Forventningane vart innfridde

Stranda Rotaryklubb vart frå 11. juli 1959 offisiell medlem i den internasjonale organisasjonen. Sjølve charterfesten vart halden 29. august same året. Guvernør Karl Steiness kom den lange vegen frå Kirkenes og stod for den formelle delen av seremonien. 71 rotarianarar og gjester var inviterte.

Arbeidet med å få i gang ein klubb i bygda starta alt i 1955, etter initiativ frå dåverande guvernør Kristian Langlo. Sykkylven, som hadde fått sin klubb i 1956, tok på seg oppgåva som fadderklubb.

– Vi visste ikkje rett kva vi hadde gitt oss ut på, vedgjekk charterpresident Ottar Gjærde i ei helsing ved 20-markekinga, men la straks til

– Det kan kanskje vere naturleg å stille spørsmålet om dei forventningane ein hadde i starten er innfridde. Svaret er utan tvil ja.

*

Stranda er fadderklubb til Ørskog Rotaryklubb, som fekk sitt charterbrev i 1980.

Side 1: Charterpresident Ottar Gjærde fekk blomar og fagre ord på 90-årsdagen sin frå klubben ved president Per Arne Helsem.

Jubileumskomite: Helge Søvik (leiar, redaktør), Anne-Lise Aambakk Karlsen, Trygve Langlo, Otto Hermann Overvoll.

Presidentar

1959 - 2019

1959-60 Ottar Gjærde	1990-91 Willy Jan Lønne
1960-61 Bjarne Rønneberg	1991-92 Odd-Svein Kalvø
1961-62 Harald Sunde	1992-93 Sveinung Klakegg
1962-63 Jon K. Ringstad	1993-94 Øyvin Grimnes
1963-64 Per Fausa	1994-95 Roar Ansok
1964-65 Gunnar Lundgren	1995-96 Trygve Langlo
1965-66 Ole Helsem	1996-97 Bjørg Johanne Helsem
1966-67 J. Friis Strømme	1997-98 Ole Johan Slyngstad
1967-68 Kåre Frømyr	1998-99 Toril Callsen
1968-69 Otto Opshaug	1999-00 Svein Kvaløy jr
1969-70 Grim Grimnes	2000-01 Kristbjørg Bjørndal
1970-71 Ole Gjerde	2001-02 Ole Dan Os
1971-72 Norwall Hessen	2002-03 Einar Arve Nordang
1972-73 Rikard Urkedal	2003-04 Anne-Lise Aambakk Karlsen
1973-74 Kristian Hagen	2004-05 Helge Søvik
1974-75 Reidar Skarbø	2005-06 Terje Langlo
1975-76 Arne Wollen	2006-07 Øystein Lied Lunde
1976-77 Roy Hoem	2007-08 Trond Otto Berg
1977-78 Leiv Berge	2008-09 Trond Otto Berg
1978-79 Arne Aambakk	2009-10 Øyvin Grimnes
1979-80 Helge Søvik	2010-11 Kjell Koppang
1980-81 Harald Berge	2011-12 Kjell Inge Langlo
1981-82 Otto Hermann Overvoll	2012-13 Anne Brandvik Emdal
1982-83 Knut Engjom	2013-14 Trygve Langlo
1983-84 Ottar Langelo	2014-15 Marianne Bakke Omenås
1984-85 Kjell Koppang	2015-16 Einar Arve Nordang
1985-86 Per Arne Helsem	2016-17 Anne Lise Aambakk Karlsen
1986-87 John Petter Aambakk	2017-18 Ingvar Emdal
1987-88 Arne Vassbotn	2018-19 Per Arne Helsem
1988-89 Hallvar Fjørstad	2019-20 Tor Waaler
1989-90 Oddmund Stavsgeng	

Rotary's Næringslivs- pris

Stranda Rotaryklubb har i perioden heidra bedriftsleiarar med klubben sin «Næringslivspris»:

Knut G. Bjerke
Per Magne Grøndahl
Ivar Moss jr
Torill Slettvolle



Ulike hendingar i klubben har fått omtale i «Rotary Norden», som tildelinga av Næringslivsprisen til Per Magne Grøndahl, her saman med Øyvin Grimnes.



Prisvinnar Knut G. Bjerke saman med Anne Lise Aambakk Karlsen og Svein Kvaløy jr.



Prisvinnar Ivar Moss jr., Ole Johan Slyngstad og Anne-Lise Aambakk Karlsen.



Prisvinnar Torill Slettvolle og Ingvar Emdal.

Bedriftsbesøk

Hos Sunnmøringen, der moderne datautstyr stod på programmet, demonstrert ved Arne Inge Tryggestad. Frå venstre, Svein Kvaløy jr., Kjell Koppang, Arne Vassbotn, Bjørg Helsem og Harald Berge.



Inviterte ambassadørar

På 1970-talet inviterte klubben tre ambassadørar til Stranda:

Kjell Anneling, Sverige.
Eidur Gudnasson, Island.
Helmuth Wegner, Tyskland.

Det var lagt opp eit omfattande program med besøk på fleire industribedrifter og festsamkommer på hotellet.



Eit omfattande program var lagt opp for den islandske ambassadøren Eidur Gudnasson med frue. Ole Johan Slyngstad var omvisar.



Besøk hos Norsk Sjømat stod på programmet for ambassadør Kjell Anneling. Per Magne Grøndahl stod for omvisinga.



Ambassadør Helmuth Wegner med frue på besøk i geitefjøsen til Hallvar Fjørstad.

Ung utsending

Klubben har hatt utsendingar til ulike Rotary-arrangement. Tomas Alnes fortalte på eit møte om røynslene frå ei Ryla-samling.



Samfunnsaktivitetar

- Pengeinnsamling, møblar til alle opphaldsrom på Stranda sjukestove.
- Pengeinnsamling, asfalt kring aldersbustaden på Solbakken.
- Minnestein over møbelpioneren P. I. Langlo.
- Minnestein over falne i siste verdskrig.
- Fløten park, offisielt opna 23. september 1995.
- Utvendig lyssetting, markerte 175-årsdagen for Stranda kyrkje.
- TrioBike, Stranda omsorgsbustader.
- Pengeinnsamling, syklar til Sierra Leone.
- Produsert og plassert ut 10 kvilebenkar.
- Bosskorger, Stranda sentrum.
- Gapahuk i Hevdalen 2019/2020.
- Initiativ, skiping av Stranda pensjonistlag.
- Initiativ, skiping av Stranda sentrumsforeining.
- Infoskilt ved fleire råser, Stranda sentrum.
- Infoskilt langs Storelva.
- Brosjyre, «Ta deg god tid på Stranda».
- Deltaking på yrkesrettleiing for skuleelevar.



Klubben har gitt to TrioBik'ar til omsorgsinstitusjonane på Stranda. Anne Lise Aambakk Karlsen, Ingvar Emdal og einingsleiar Julianne Søvik (til venstre) på prøvetur.



Anne Lise Aambakk Karlsen, Ingvar Emdal (i midten) og Reidar Furset tel pengar etter ein innsamlingsaksjon i regi av Rotary.



Trygve Langlo orienterer om flombelysning av kyrkja. Med hjelp frå næringslivet vart jobben gjort for 150 000 kroner.



Stranda Kyrkje med flomlys frå rotaryklubben.



Orkanen gjorde skade kring hytta Dalebu til Ole Gjerde. Klubben stilte opp til ryddedugnad, her (frå venstre) Einar Arve Nordang, Kjell Koppang og Ingvar Emdal.



Ingvar Emdal legg blomar ved minnesteinen over falne frå Stranda kommune ved siste verdkrigsen.



Rotaryklubben reiste minnesteinen over møbel-pioneren P. I. Langlo. Her frå avdukinga, (frå venstre) John Petter Aambakk, Helge Brunstad frå Møbelprodusentenes Landsforening, ordførar Leiv Berge, fylkesmann Alv Jakob Fostervoll, Johanne Langlo.



Syklar til elevar ved The David School i Sierra Leona, er mellom oppgåvane klubben har engasjert seg i. Her to representantar for klubben, Einar Arve Nordang og Reidar Furset. Pengane vart samla inn ved at publikum kunne tippe kor mange vedskier der var plass for på ein palle.



Stranda Rotaryklubb og Sykkylven Rotaryklubb markerte saman 100-årsfesten for Rotary Internasjonal. Eit høgdepunkt i Storfjord Kulturhus var tildelinga av tre Paul Harris Fellow-medaljar. Frå venstre, Helge Søvik, guvernør Magne Skudal, Ottar Gjærde, Jens Petter Ekornes, Nils Fredrik Drabløs (dei tre som vart heidra) og Per-Inge Haugen.

Paul Harris Fellow

Klubben har heidra 12 personar med Paul Harris Fellow:

Roar Ansok	Karl Mjelva
Harald Berge	Otto Opshaug
Leiv Berge	Atle Ringseth
Ole Gjerde	Helge Søvik
Ottar Gjærde	John Petter Aambakk
Elsa Hagebakk	
Ole Helsem	



Odd Svein Kalvø og Ole Helsem.



Ingvar Emdal, Elsa Hagebakk og Roar Ansok.



Svein Kvaløy jr., Harald Berge og guvernør Roald Sporstøl.



Frå venstre, Øyvin Grimnes, Ole Gjerde, Karl Mjelva og guvernør Asbjørn Norberg.



Atle Ringseth og Øyvin Grimnes.



Helge Søvik og Anne Brandvik Emdal.



John Petter Aambakk, guvernør Arvid Blindheim og Per Arne Helsem.



Leiv Berge og Kjell Koppang.



Kjell Inge Langlo, Otto Opshaug og guvernør Einar Driveklepp.



Sentrale personar ved opninga av Fløten Park. Frå venstre, ordførar Anne Lise Lunde, guvernør Bent Gulla, Trygve Langlo og John Petter Aambakk.

Fløten Park

Fløten Park er eit av dei største prosjekta til Stranda Rotaryklubb. Den 25. september 1995 stod guvernør Bent Gulla for den offisielle opninga. Han meinte klubben hadde lagt ned mykje arbeid og gjort ein flott innsats. Ordførar Anne Lise Lunde, som tok over parken på vegner av Stranda kommune, håpa at han måtte bli ein tumlelass for bygdefolket. Ettertida viser at ynsket absolutt er innfridd. Mykje dugnadsinnsats vart utført, og næringslivet slutta opp med økonomisk innsats.



«Ordførar-trioen» (frå venstre) Ole Helsem, Leiv Berge og Inge Gjærde på dugnad.



Medlemene stilte opp til dugnad uansett vær.



Trass ruskevær møtte folk fram til opninga av Fløten Park, gjerne omtala som Rotaryparken.



Jobben med Fløten Park resulterte i at distriktet heidra klubben med «Rotary International Service Award». Frå venstre, Olav Slettebak, Hans Slettvol, Ole Helsem og Harald Berge.



Årets klubb

Rotaryklubben vart i 1997-1998
heidra av distriktet.
Ole Johan Slyngstad og guvernør
Johan Daae-Qvale med det synlege
beviset.

Ungdomar på utveksling

Klubben har hatt glede av å ta mot og sende ut utvekslingsstudentar:

Alvhild Skarbø (Holst Dyrnes) fekk tildelt Georgia-stipendet i 1961-62.

Desse kom til Stranda:

Christina White, 1985-86, frå Canada
Natalie Jones, 1987-88, New Zealand
Jodie Botting, 1989-90, New Zealand
Fiona Cox, 1991-92, New Zealand
Sayaka Seki, 1996-97, Japan
Lucia N. Cavalhiero, 2009-10, Brasil

Desse reiste ut:

Vibeke Os, 1985-86, Canada
Kathrin Ansok, 1987-88, New Zealand
Katrine Grimnes, 1990-91, New Zealand
Bodil Opshaug, 1991-92, New Zealand
Kristine Skarbø, 1996-97, Japan
Vegar Emdal, 2009-10, Ecuador



I 1987 kom Nathalie Jones som utvekslingsstudent. Fjorten år seinare kom ho tilbake til Stranda, og stod kronebrud i kyrkja. Rotaryklubben skipa til bryllaupsfest i kulturhuset. På bildet ser vi Nathalie saman med sin Philip.



Fiona Cox (til venstre) har kome tilbake til Stranda fleire gongar sidan ho var utvekslingsstudent i 1991-1992, og har vore gjest både ved barnedåp, som fadder, og konfirmasjon. Her saman med Julianne Søvik.



Soyaka Seki kom som utvekslingsstudent frå Japan i 1996. Her saman med guvernør Anders Binde og Bjørg Helsem.



Kristine Skarbø var utvekslingsstudent til Japan, her saman med Bjørg Helsem og Trygve Langlo på eit klubbmøte før avreisa.



Som utvekslingsstudent var Vegar Emdal (til høgre) i Ecuador i 2009-2010.



I hyggeleg passiar, (frå venstre) Karl Mjelva, Astrid Søvik, Ingunn Anne Aambakk og Asbjørn Nordberg.



Svingande rytmer, Ottar Gjærde og kona Else.



Ein munter gjeng. Bak frå venstre, Per Fausa, Jon Lied, Hallvar Førstad, Harald Berge, Frøystein Ringset, Kjell Koppang, Roar Ansok. Framme frå venstre, Øyvin Grimnes, Otto Opshaug, Svein Foss, Arne Aambakk, Odd Svein Kalvø.



Turfølgjet framfor Union Hotel saman med vertskapet, Gjertrud og Karl Mjelva.



Frå venstre, Kristbjørg Bjørndal, Willy Jan Lonne, John Petter Aambakk og Oddvar Opshaug.



Hageselskap har vore erstatning for det faste klubbløkalet. I godt selskap, (frå venstre) Trond Otto Berg, Kjell Koppang, Roar Ansok, Kjell Inge Langlo og Marianne Omenås.






På hyttetur. Frå venstre, Roar Ansok, Bjørg Helsem, Leiv Berge, Otto Opshaug, Arnulf Grut, Harald Berge, Magnar Solli, Trygve Langlo (i forgrunnen).

Ut
på
tur

Tidlegare publikasjonar



Initiativtakar til pensjonistlaget.





Styret i Rotatary-året 2019-2020. Frå venstre, styremedlem Roar Ansok, kasserar Anne Lise Aambakk Karlsen, president Tor Waaler, sekretær Marianne Omenås, styremedlem Reidar Furset og inc. president Svein Lunde. Pas. President Per Arne Helsem var ikkje til stade då bildet vart teke.



Styret i jubileums- året

Presidentskifte. Tor Waaler (til høgre) tek over presidentvervet etter Per Arne Helsem.

Rotary

